

KONF  
IRM  
AN  
20 ✝ 21



DEN NORSKE KYRKJA  
Sula Sokn

# KONFIRMANT\* 2021



**Velkommen!**

---

**No er det din tur til å bli**

---

**konfirmant i Sula kyrkjelyd!**

---

# Ei viktig tid - eit viktig val!

Det er berre eit år til ein høgtideleg dag i livet ditt. Vi ynskjer deg velkomen som konfirmant i Sula kyrkjelyd!

**Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkomen til konfirmasjon i kyrkja.**

I konfirmasjonstida kan du lære meir om deg sjølv og Gud. Du får høve til å utforske nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre.

Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud. Samtidig får du oppleve mykje nytt.

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner! Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

Å vere konfirmant er eit naturleg val for alle døypte. Dersom du ikkje er døypt, kan du likevel vere konfirmant. Vi gjennomfører då ei dåpshandling i løpet av konfirmantåret.

# Konfirmant 2021

**Hovudtema** for Konfirmant 2021 er:

## Kven er eg?

Vi vil forsøke å nærme oss dette spørsmålet frå ulike vinklar, og sjå på kven vi er i forhold til andre: i forhold til foreldra våre, vener, kjærestar og kven vi er i forhold til Gud.

---

## Påmelding

**Påmeldinga opnar 9.juni kl. 18.00.**  
**Påmeldingsfrist tysdag 23.juni.**

**For å melde deg på, går du inn på nettsida vår:**  
[www.kyrkja.no/sula](http://www.kyrkja.no/sula).

**Her vil du finne link til påmeldingsskjemaet.**

Vi kjem til å legge ut ein film på [Youtube - sulasokn](#) i veke 23 der vi forklarar korleis ein melder seg på. Der finn de og ein film med litt meir informasjon om konfirmantopplegget.



KONF  
IRM  
AN  
20 ✦ 21

5

” Å konfirmere seg kristeleg gjev liksom litt meir meining. ”

# Konfirmantåret er inndelt i 3 delar:

- a. Konf@Samlingar felles
- b. Konf@Samlingar gruppe
- c. Gudstenestedeltaking

## a. Konf@Samlingar felles

Tema seminar

Nattcup - Solevågshallen fredag 29. januar

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon tirsdag 23. mars

Kappeprøving, fotografering og øving til konf.dagen

## b. Konf@Samlingar gruppe

Du kan velje mellom å vere:

**Medleder** - konfirmant

**Tensing** - konfirmant

**Leir\*** - konfirmant

**Basic** - konfirmant

\*I høve "leir-konfirmant" så startar vi dette opplegget berre hvis vi kan reise på leir i forhold til smittevern hensyn.

**NB:** I påmeldings-skjemaet **på nett må du velge desse i prioritert rekkefølge** (1, 2, 3, 4) ut frå kva du har mest lyst til. **Du MÅ sette opp alle 4**, for det er ikkje sikkert du får det du har valgt på dei første plassane. Det kan og vere begrensa plass på enkelte grupper.

**På dei neste sidene finn du litt meir informasjon om gruppene. Kva for ei gruppe du kjem på får du vite i løpet av august. I tillegg skal du også velge interesseområde i påmeldingsskjemaet. Meir om dette finn du på side 12.**

## **Medleder-Konfirmant**

Var du med på LysVaken som 6.klassing?

**Uansett kan du no vere med som leder for årets 6.klassingar både på LysVaken og på Tidsreisa.**

**For å vere medleder må du kunne vere med alle desse datoane: Laurdag 28.november og søndag 29.november** (LysVaken med overnatting), + **torsdag 04. og fredag 05.mars 2020** (Tidsreisa - etter skuletid). Det vil også vere ein del undervisningstimar i tillegg til dette.

**Opplegget legg vekt på leiartrening i undervisninga.**

## **TenSing-Konfirmant**

TenSing er eit kor for alle frå 8.klasse og oppover som øver annankvar onsdag haust og vår, i Indre Sula kyrkje kl.19.30-22. I tillegg er det øvingsweekend på hausten, samt ulike sangoppdrag året gjennom. Som TenSing-konfirmant er du med på alle samlingane til TenSing, i tillegg til nokre undervisningstimar. Geir Harald Eikrem er dirigent. **Ten-sing skal vere ein plass der ungdommane får utfolde seg og vere med å drive kor, dans og drame, band, teknikk og det ein måtte ha lyst til.**



**” For meg er  
fellesskapet det  
aller beste. ”**

8





## Leir-Konfirmant

**Planlagt leir er 2-5.oktober - første helga i haustferien\*.**

Leiren utgjør ein stor del av dette konfirmant-opplegget.

**Du MÅ derfor kunne vere med på heile leiren, for å kunne velge dette alternativet.**

**Leir er opplegget for deg som likar aktive dagar med fart, frisk luft og Guds frie natur.** Dagane vil bestå av ulike friluftaktivitetar (fjelltur, kano-padling, naturstiar, ballsport, film, ulike gruppeoppgåver, konkurransar, mat, sosiale kveldar, fritid og mykje meir. Vi overnattar i hytter knytt til leirstaden.

I tillegg til leir blir det nokre samlingar gjennom året med leirgruppa. Desse vil vere på ein vekedag i ei av kyrkjene.

\*Sidan vi ikkje veit korleis kvardagen og reglane med tanke på smittevern blir til hausten, så kan vi ikkje love at det blir leiropplegg i år. **Det er difor ekstra viktig at de også velger andre opplegg i skjemaet, i prioriterte rekkefølge.** Dersom det ikkje blir leir, blir dei som har valgt dette flytta til andre grupper ut frå dei vala dei har gjort i påmeldinga.

## Basic-Konfirmant

Dei fleste av konfirmantane vil få plass på Basic-opplegget. Her blir konfirmantane delt inn i mindre grupper. Gruppene har samlingar ein vekedag ca anna kvar veke gjennom heile konfirmantåret. Stad og tid for oppmøte varierer alt etter kva gruppe du kjem på.

**Du blir plassert på Basic-gruppe ut frå kva interesser du prioriterer (sjå side 12).** Opplegg og undervisning vil variere i alle gruppene, men ei gruppe vil ha meir hovedvekt på sport og friluft, ei anna på filmvisning, ei anna på kunst og kreativitet, og så vidare.



## c. Gudstenestedeltaking

Du skal delta på **8 gudstenester** i løpet av konfirmantåret. Konfirmasjonsdagen er ein av dei.

Du må også **registrere deg i kyrkja** når du går til gudsteneste. Viss du går til gudsteneste andre stadar eller i andre kyrkjesamfunn, sender du oss ein mail om dette, eller får underskrift frå ein av dei tilsette i den kyrkja.

### Ministrant gudsteneste

Gjennom året skal alle konfirmantane **delta aktivt på ei gudsteneste** (ministrantgudsteneste), blant anna med lystenning, hjelpe til ved dåp og og nattverd, og liknande. Konfirmantane blir delt inn i grupper, og blir sett opp på ei gudsteneste i løpet av året. Dei møter då opp 20 minutter før, og får tildelt enkle oppgaver som dei utførar i samarbeid med ein vaksen.

Oversikt over gudstenester vil de finne på nettsida vår kyrkja.no/sula, på Facebook (Sula kyrkjelyd), samt i Sulaposten og i Sunnmørsposten.

**Du får utdelt dette gudstenestekortet for å følge med på gudstenestebesøka dine.**

GUDSTENESTEKORTET	
<input type="checkbox"/>	Presentasjonsgudsteneste
<input type="checkbox"/>	Skulegudsteneste før jul
<input type="checkbox"/>	Julaftan 24. desember
<input type="checkbox"/>	1. påskedag 04. april
<input type="checkbox"/>	Ministrantgudsteneste - medhjelpar
<input type="checkbox"/>	Konfirmasjonsgudsteneste i mai
<input type="checkbox"/>	Sjølvvalgt gudsteneste
<input type="checkbox"/>	Sjølvvalgt gudsteneste

KONFIRMANTAN 20 ✨ 21

STØRST AV ALT

# Val av interesse

## - prioritert rekkefølge

For å kunne gje deg som konfirmant eit så godt opplegg som mulig, vil vi at du fortel oss kva du er mest interessert i ut frå dei valga som er under.

Det du vel her brukar vi når vi set saman gruppene. Valga gjer du i skjemaet på nett når du melder på som konfirmant.

12

1.

### **SPORT OG FRILUFT**

- for deg som likar å vere i fysisk aktivitet.

2.

### **KUNST OG KREATIVITET**

- for deg som likar bilete og symbol, og å uttrykke deg gjennom å lage ting.

3.

### **SAMTALE OG REFLEKSJON**

- `Dig deeper` - for deg som likar å dykke djupare ned i interessante tankar og spørsmål.

4.

### **SJÅ FILM**

- for deg som likar å sjå film med innhald og meining.

5.

### **DRAMA OG FILMATISERING**

-for deg som likar å vere enten framfor eller bak kamera.

Er du ikkje interessert i noko av dette?  
Prøv likevel å prioritere kva du likar mest og minst frå 1-5.





» Fordi eg vil ha det gøy. »

KONFIRMANT  
2021

**Konfirmantåret** skal vere eit kjekt år både for deg som konfirmant, dei heime og dei du møter som konfirmantleiarar. For å få til dette er vi avhengig av at du som konfirmant møter opp på samlingar og gudstenester, og at vi i fellesskap gjer ein innsats for at alle skal ha det kjekt og greit.

13

## Vi har 2 grunnreglar:

- 1.** - vi fører oppmøtelister på alle samlingar, og du må møte opp på 80% av desse (gudstenestene kjem utanom dette - sjå Gudstenestedeltaking for meir informasjon).
- 2.** - vi forventer at du viser vanleg folkeskikk i gruppa, både mot leiarar og medkonfirmantar. Ved brudd på dette kan vi måtte sende deg heim frå leir eller samling.

**Vi har berre gode erfaringar med konfirmantar frå tidlegare, og er sikre på at viss vi klarer å følge desse reglane blir dette eit flott år.**



14

## Konfirmasjonsgudstenestene

**1. mai - Indre Sula kyrkje - kl. 11.00 og 13.00**

**2.mai - Indre Sula kyrkje - kl. 11.00**

**8.mai - Langevåg kyrkje - kl. 10.30, 12.00 og  
kl. 13.30**

**9.mai - Langevåg kyrkje - kl. 11.00**

Ved påmelding kan de sette opp ønske om konfirmasjonsdag. **Vi garanterer at alle får den helga dei ønsker.** Tidlegare har vi også garantert dag, dette kan vi dessverre ikkje gjere lengre på grunn av stor pågang på enkelte dagar.

## Antal konfirmantar per konfirmasjonsgudsteneste

For at konfirmasjonsgudstenestene skal verte kjekke for alle, må vi setje tak på antal konfirmantar pr. gudsteneste. Dette har med lengda på gudstenestene å gjere, samt at brannforskriftene set tak på antal personar vi kan ha i kyrkjene.

I **Indre Sula kyrkje** er det plass til **max. 11 konfirmantar** pr. gudsteneste og i **Langevåg kyrkje** er det plass til **max. 18 konfirmantar**. Klokkesletta kan bli endra alt etter kor mange som ønsker dei enkelte dagane.

## Undervisning utsett

På grunn av utsatte konfirmasjonar våren 2020, blir ikkje undervisninga for 2020/2021 starta opp før tidlegast i slutten av september/starten av oktober 2020.

**Meir info om dette kjem i august.**

Vi vil sjølvsagt følge dei reglane som gjeld for smittevern i forhold til gruppestørrelse og avstand.





KONF  
IRM  
AN  
20 ✦ 21

” Fordi eg  
kan vere  
meg sjølv. ”

## Til foreldre / føresette

Det er fint om de som foreldre/føresette tek del i nokre av opplevingane til konfirmanten gjennom konfirmantåret. Vi ynskjer mellom anna at de kjem ilag med konfirmanten til gudsteneste.

Konfirmanten skal delta på 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret, og det er lagt opp til at ein skal delta aktivt med enkle oppgåver på **ei** gudsteneste (ministrantgudsteneste) i løpet av året. Les meir om gudstenestedeltaking på side 11.



## Foreldrehjelp

Det er nokre ting vi treng hjelp til i konfirmantåret. Nokre av oppgåvene er klare, medan andre kan dukke opp i løpet av året. Det er eit eige valg for foreldrehjelp i påmeldingsskjemaet.

### Dei oppgåvene som er klare:

- Vere nattevakt på leir ei natt **2-5. oktober**
- Vere vakt/medhjelper under Nattcup i Solevågshallen **29.januar (ca. 18.00 – 24.00)**
- Vere medhjelpar/bøsseberar/sjåfør på KN-aksjonen **tysdag 23.mars** (her treng vi hjelp av alle)

## Spesielle behov

Vi legg til rette for at alle som vil konfirmere skal få høve til det. Om konfirmanten har spesielle behov er det fint om de både skriv dette i påmeldinga, og tek kontakt med oss før konfirmantåret startar, slik vi kan finne gode løysingar ilag.

17

## Konfirmantavgift

Konfirmantavgifta for **BasicKonfirmant 2021 er på 1100,- kr.**

Konfirmantavgifta for **LeirKonfirmant 2021 er på 1500,- kr.**

Dette dekker mellom anna leige av konfirmantkapper og mat på alle konfirmantarrangementa. Det skal vere mulig for alle å vere konfirmant i kyrkja, og økonomiutfordringar skal ikkje vere eit hinder for det. Ikkje nøl med å ta kontakt om de treng redusert avgift eller utsatt betaling. Det vert sendt ut giro via e-post i løpet av hausten.

## Spørsmål?

Vi kjem ikkje til å ha info-møte no i vår slik vi brukar. I staden blir det i veke 23 lagt ut filmar på **Youtube - Sulasokn** med info om opplegga og hjelp til å fylle ut påmeldingsskjemaet.

Ta gjerne kontakt med oss om du lurar på noko.

Kontaktinfo finn du bakerst i brosjyra.

# Kristen konfirmasjon er for alle.

KONF  
IRM  
AN  
20 ✝ 21



# Kontaktinformasjon:

**A**

## Besøks**Adresse**

Sloghaugvegen 13  
Rådhuset, 3-etasje

## Post**Adresse**

Sula sokn  
PB 228, 6039 Langevåg

**S**

## Kyrkjekontor **Sentralbord**

Telefon: 70 19 96 00

E-post: [konfirmant@sula.kommune.no](mailto:konfirmant@sula.kommune.no)

Nettside: [kyrkja.no/sula](http://kyrkja.no/sula)

Facebook: Sula kyrkjelyd

Youtube: sulasokn

**K**


## Ansvarleg **Kontaktperson**

Kateket Barbro Godø Thomassen

Telefon: 70 19 96 04

Mobil: 40 84 89 21

KONF  
IRM  
AN  
20 ✝ 21



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA  
Sula Sokn